

Svein Telstø Kvamme  
Erstadvegen 1  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7649 - 21/63458

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
23.09.2021

## Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 141/3 Kvamme nedre

Tiltak: Arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr: 141/3  
Tiltakshavar: Svein Telstø Kvamme  
Eigar: Asgeir Kvamme

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.09.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Areal som vert søkt arealoverført er regulert til friluftsområde i reguleringsplan for Stølhaugane planid:1263-201302. Søknaden er dermed ikkje i tråd med arealformålet. Anten må reguleringsplanen endrast gjennom reguleringsendring eller det må søkjast om dispensasjon frå arealformålet. Søknad om dispensasjon skal vera grunngjeven og nabovarslas. Legg ved informasjonsskriv om dispensasjon. Du finn også informasjon på heimesida til kommunen; [Alver kommune - Dispensasjon](#)
2. Søknad om arealoverføring skal nabovarslas etter reglane i plan- og bygningslova. Informasjon om nabovarsling finn du mellom anna her; [Alver kommune - Varsle naboane dine](#). Alver kommune som eigar av kommunevegen er nabo til arealet du søker om.
3. Ut frå våre kart er arealet plassert nærare offentleg leidningsnett enn 4 meter. Det bør derfor klarerast med kommunen si VA avdeling om det er greitt/ dispensasjon for frådelling nærare enn 4 meter.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 29.10.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Asgeir Kvamme  
Svein Telstø Kvamme

Skarsvegen 185  
Erstadvegen 1

5911 ALVERSUND  
5911 ALVERSUND